


Bergen, 24. november 2009

Ref: b.omsetning nordsjøsild /09/BSI

Norges Fiskarlag

Norges Sildesalgslag

Skagerakfisk

**TELEFAKS****FORSLAG TIL FORSKRIFT OM OMSETNING I FØRSTE HÅND AV VILTLEVENDE MARINE RESSURSER - SAMORDNING AV OPPLYSNINGAR I NORGES SILDESALGSLAG OG SKAGERAKFISK VEDK. NORDSJØSILD.**

Styret i Sør-Norges Notfiskarlag handsama ovannemnde i sitt telefonmøte 24.11.09 og fatta følgjande vedtak:

”Styret i Sør-Norges Notfiskarlag sluttar seg til følgjande uttale frå Fiskarlaget Vest:

”Styret i Fiskarlaget Vest meiner at Norges Sildesalgslag må ha omsetninga av nordsjøsild, men at det bør kunne gjevast dispensasjon for fartøy heimehøyrande i Skagerakfisk sitt område om dei vil omsetja nordsjøsilda via Skagerakfisk.

Administrasjonen i Fiskarlaget Vest opplevde at det var svært vanskeleg å få oversikt over kor mykje som stod att av kystflåten sin kvote av nordsjøsild i samband med at ein skulle vurdere om det var grunnlag for å be om refordeling. Ein del av fangstane blir registrert hos Norges Sildesalgslag, som heile tida har oppdatert kor mykje som står igjen av kvotane, og den andre delen blir registrert hos Skagerakfisk, som ligg nokon veker etter når det gjeld oppdatert liste på internett.

Det som er levert via Skagerakfisk skal trekkjast frå tala som ligg på nettsida til Norges Sildesalgslag. Dette er det nok ein del fiskarar og andre som ikkje er klar over.

I tillegg står det ikkje direkte nokon stad kor mykje som var fiska/var att av den særskilte 500-tonns kvoten som gjeld for låssetting innanfor grunnlinja i Skagerak etter 1. september, der ein kan fiska inntil 100 tonn utover tildelt kvote.


## Sør-Norges Notfiskarlag

2

Styret i Fiskarlaget Vest finn dette svært uoversiktleg og ein ber Skagerakfisk og Norges Sildesalgslag om at statistikken i framtida blir samkjørt, slik at ein får oppdaterte opplysningar om nordsjøisild, slik ein får om dei andre fiskeslaga Norges Sildesalgslag omset, på Norges Sildesalgslag si nettside, både når det gjeld den ordinære kvoten og særskilde kvotar t.d. låssettingskvoten på 500 tonn i Skagerrak.

Kopi til Fiskeridirektoratet og Fiskeri- og kystdepartementet.”””

Med helsing  
Fiskarlaget Vest

  
Britt Sæle Instebo

Kopi: Fiskeridirektoratet